

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

**Søknad til Næringsfondet - Kversøy Tradisjonskost - Kversøy tradisjonskost  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Kversøy tradisjonskost blir tildelt kr 60 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

**Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**

**Handsaming:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.  
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

**ND- 063/22 Vedtak:**

Prosjektet Kversøy tradisjonskost blir tildelt kr 60 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn:**

Kversøy Tradisjonskost er eit enkeltpersonføretak. Bransje 47.810 Torghandel med næringsmidler, drikkevarer og tobakksvarer. Registrert 24.01.2022.

Kjelde: Proff.no

**Saksopplysningar:**

Kversøy Tradisjonskost er lokalisert på Hope i Alver og driv med produksjon av gammal tradisjonell mat. Innehavar Inger Karine Kversøy starta produksjon av lefser og røddravle tilbake i 2014 på bakgrunn av interessa for tradisjonsmat og selde produkta sine i hovudsak på messer og til faste private kundar. Etter kvart har produksjonen blitt utvida med nye produkt som vanlege pølser, spekepølser laga av hjort og geiter frå eigen bestand, urtekrydder frå eigen hage/drivhus, pesto, tørka frukt og grønnsaker, saft av hyllebær/geitrams, syltetøy og røyka fisk og kjøttrettar.

På bakgrunn av auka etterspørsel frå både private kundar og næringsliv, kom krav om godkjent kjøkken og enkeltpersonføretak. Verksemda Kversøy Tradisjonskost vart etablert i januar i 2022.

**Om prosjektet:**

Kversøy Tradisjonsmat har med stadig aukande etterspørsel kome til eit produksjonsnivå kor det vil være meir økonomisk lønnsamt å byggje eit eige industrikjøkken med kjølerom framfor å fortsette og leige dette. Selskapet har starta bygging av eige godkjent kjøkken med kjølerom, noko som er eit krav for å kunne levere til næringsliv.

Kversøy har og planar om å sette opp nytt drivhus, då det gamle drivhuset ikkje lenger i er i god stand. Videre

vil selskapet utvikle eigen nettside og gjennomføre marknadsføring av produktene og verksemda.

Prosjektet søker støtte til utstyr til kjøkken og kjølerom, utstyr som fangstreiskapar, samt profilering og marknadsføring..

#### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Søklar har eit mål om å få på plass eit godkjent kjøkken slik at selskapet kan starte godkjent produksjon av mat til eksisterande og nye kundar, både private og bedriftskundar. Selskapet vil og med den nye investeringa utvikle samarbeid med andre naturlege samarbeidspartnar for å kunne tilby eit større tilbud til marknaden.

#### **Prosjektøkonomi:**

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Kversøy tradisjonskost</b>	300 000	145 000	60 000

#### **Vurderingsgrunnlag**

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, berekraftig utvikling og auka sysselsetting i kommunen.

#### **Vurdering:**

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til arbeidsplassutvikling i Alver kommune, samarbeid innan etablert næringsliv og ei berekraftig næringsutvikling.

Vedlegg:

#### **Vedlegg i saken:**

01.12.2022	Kversøy tradisjonskost_søknad_Vedlegg_ettersendt informasjon_3nov 2022	1845675
01.12.2022	Kversøy tradisjonskost_søknad_oppdaterert finansieringsplan_3nov 2022	1845676